

Uttale frå Rogaland Arbeiderparti om lovforslag om forbod mot hald av pelsdyr.

Rogaland Arbeiderparti meiner at Regjeringa sitt lovforslag om forbod mot hald av pelsdyr og forslag til ordning for økonomisk kompensasjon, er for dårleg. Rogaland er eit stort landbruksfylke, og pelsdyrnæringa er ein viktig del av dette. Dei som driv i pelsdyrnæringa blir ikkje sikra godt nok, når næringsgrunnlaget deira blir teke i frå dei. Det bør bli gitt full kompensasjon.

Rogaland Arbeiderparti vil at kompensasjonsordninga skal sørge for at ingen bønder blir sitjande igjen med gjeld etter ei avvikling. Det vil seie at bygg, inventar og driftsutstyr må kompensera fullt ut. Det same gjeld kostnader i samband med avvikling og opprydding.

Rogaland Arbeiderparti meiner at det må leggjast tilrette for ny næring slik at dei som blir råka av forbodet kan kome i gang med nye lønnsomme produksjonar.

Bedrifter som blir ramma av eit forbod, må og få full kompensasjon i samband med omstilling til anna produksjon. Eit døme er Rogaland Pelsdyrforlag i Sirevåg som produserer for av avfall frå slakteri.

Rogaland Arbeiderparti v/leder
Stanley Wirak
913 92 266